


KULTURKVELD på Frænabu kurs- og misjonssenter


Torsdag 23. oktober kl 19.00

Fotograf Øivind Leren



Sidan 1987 har Leren vore profesjonell turist i Møre og Romsdal. Reist fylket på kryss og tvers. Frå fjellheimen, ned dalane og utetter fjordane, heilt ut til dei ytterste øyane. I solskin og i uvêr. Vinter, sommar, vår og haust.

På turane har han hatt følgje av ein natur og eit landskap som stadig har fascinert. Vakkert, vilt og utemd. Heile tida i forandring, heile tida nye uttrykk.



Det er bilde frå dette Øivind Leren vil formidle denne kvelden. Små glimt frå eit mektig galleri der vêret, lyset og årstidene heile tida opnar nye utstillingar. Som fotograf har han vore tilskodar i ein storslegen natur.



Det blir kveldskaffe, åresalg og kveldsandakt.

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til Frænabu!